

Eksamen

1. juni 2018

HEA2002

Kommunikasjon og samhandling

Programområde: Helsearbeiderfag Vg2

Nynorsk

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timar.
Hjelpemiddel	Alle hjelpemiddel er tillatne, bortsett frå Internett og andre verktøy som kan brukast til kommunikasjon.
Bruk av kjelder	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Vedlegg	Ingen
Informasjon om vurderinga	<p>Desse kompetansemåla blir det lagt vekt på ved vurderinga av eksamenssvaret:</p> <ul style="list-style-type: none">• Drøfte korleis ein kan bruke empati for å løyse eller førebygge sosiale problem og fremme psykisk og somatisk helse.• Drøfte ulike former for kommunikasjon og gjere greie for korleis kommunikasjon kan framheve tryggleik og tillit.• Drøfte rettleiarrolla og kva det betyr å kunne ta imot rettleiing.
Andre opplysningar	Ingen

Situasjonsskildring:

Du har primæransvar for Frode Dahle som bur i eigen leilegheit saman med kona si, på eldresenteret der du jobbar som helsefagarbeidar. Dei har kun ei dotter, som ikkje bur i byen.

Frode fekk hjerneslag for 3 år sidan og treng ein del rettleiing for å meistre gjeremåla i dagleglivet. Han er ustø og bruker rullator for å komme seg fram.

Etter hjerneslaget har han også hatt vanskar med å snakke tydeleg. Han blir utålmodig når han ikkje blir forstått eller får til alt han gjorde tidlegare.

Oppgåve 1

- a) Korleis kan du vise empati for Frode?
- b) Drøft korleis du kan bruke empati til å fremme psykisk og somatisk helse hos Frode.

Oppgåve 2

- a) Beskriv ulike former for kommunikasjon.
- b) Korleis kan ulike former for kommunikasjon fremme tryggleik og tillit mellom Frode og deg som helsefagarbeidar?

Oppgåve 3

- a) Drøft kva betydning di rolle som rettleiar kan ha.
- b) Korleis kan du planlegge for at Frode skal oppleve det som positivt å få rettleiing?

Bokmål

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timer.
Hjelpemidler	Alle hjelpemidler er tillatt, bortsett fra Internett og andre verktøy som kan brukes til kommunikasjon.
Bruk av kilder	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Vedlegg	Ingen
Informasjon om vurderingen	<p>Følgende kompetansemål blir vektlagt ved vurderingen av eksamensbesvarelsen:</p> <ul style="list-style-type: none">• Drøfte hvordan empati kan brukes for å løse eller forebygge sosiale problemer og fremme psykisk og somatisk helse.• Drøfte ulike former for kommunikasjon og gjøre rede for hvordan kommunikasjon kan fremme trygghet og tillit.• Drøfte veilederrollen, og hva det betyr å kunne motta veiledning.
Andre opplysninger	Ingen

Situasjonsbeskrivelse:

Du har primæransvar for Frode Dahle som bor i egen leilighet sammen med sin kone, på eldresenteret hvor du jobber som helsefagarbeider. De har kun en datter, som bor utenbys.

Frode fikk hjerneslag for 3 år siden og trenger en del veiledning for å mestre dagliglivets gjøremål. Han er ustø og bruker rullator for å komme seg frem.

Etter hjerneslaget har han også hatt vanskeligheter med å snakke tydelig. Han blir utålmodig når han ikke blir forstått eller får til alt han gjorde tidligere.

Oppgave 1



- a) Hvordan kan du vise empati for Frode?
- b) Drøft hvordan du kan bruke empati til å fremme psykisk og somatisk helse hos Frode.

Oppgave 2

- a) Beskriv ulike former for kommunikasjon.
- b) Hvordan kan ulike former for kommunikasjon fremme trygghet og tillit mellom Frode og deg som helsefagarbeider?

Oppgave 3

- a) Drøft betydningen av din rolle som veileder.
- b) Hvordan kan du planlegge for at Frode skal oppleve det som positivt å motta veiledning?



www.vigoiks.no/eksamen